



Høyringsuttale frå Hemsedal sokn – framtidig prostistruktur i Tunsberg bispedømme

Hemsedal sokneråd takkar for høyringa om framtidig prostistruktur.

Soknerådet anerkjenner behovet for å vurdere endringar i prostistrukturen, mellom anna av omsyn til ressursbruk og framtidig berekraft. Samstundes meiner Hemsedal at eventuelle endringar må ta tydeleg omsyn til geografi, lokale forhold og kyrkja si rolle i distrikta.

1. Nærleik til leiing og prostetenesta

Hemsedal sokneråd vil understreke betydninga av ein prost som er:

- til stades i prostiet
- kjend med lokale forhold
- tilgjengeleg for prestar, tilsette og råd

Nærleik til leiing er avgjerande for:

- godt arbeidsmiljø
- samarbeid og fagleg utvikling
- handtering av praktiske utfordringar og beredskap

Det er viktig at prosten ikkje vert ein rein administrator, men også har ei rolle som er forankra i kyrkjelydslivet.

2. Geografi, avstandar og reell belastning

Hallingdal – inkludert Hemsedal – er prega av:

- store geografiske avstandar
- krevjande reisetid
- varierende vêr- og føreforhold

I tillegg kjem:

- stor tilstrøyming av hyttefolk og turistar gjennom året
- høg aktivitet i høgtider og feriar

Dette inneber at belastninga på kyrkja og tilsette ofte er større enn det innbyggjartal åleine skulle tilseie.

Hemsedal sokneråd meiner difor at:

- geografi og reisetid må vektleggast sterkare
- digitale løysingar ikkje kan erstatte fysisk nærleik i tilstrekkeleg grad
- lange avstandar til prostesete vil kunne gi ein uhaldbar arbeidssituasjon over tid.

3. Vurdering av aktuelle alternativ

Hemsedal sokneråd meiner at alternativ med store samanslåtte prosti – særleg på tvers av naturlege regionar – framstår som lite tenlege.

Særleg gjeld dette løysingar der:

- Hallingdal vert slått saman med Ringerike eller andre område med heilt annan struktur
- avstandane vert svært store
- regionale band vert svekka

Slike løysingar vil kunne:

- svekke leiing og oppfølging
- redusere tilhøyrse og identitet
- gjere samarbeid meir krevjande

4. Hallingdal som naturleg eining

Hemsedal sokneråd meiner at Hallingdal framstår som:

- ein naturleg region
- eit etablert samarbeidsområde
- ei tenleg eining for prostinivå

Dette heng saman med:

- geografisk samanheng
- felles utfordringar og struktur
- eksisterande samarbeid

Å bryte opp denne strukturen vil etter soknerådet si vurdering vere lite formålstenleg.

5. Ressursar, leiing og gjennomføring

Det er avgjerande at:

- prostane får tilstrekkelege ressursar
- leiing og oppfølging vert prioritert
- endringar vert gjennomførte på ein god måte

Erfaring og ROS-analysen viser at:

- manglande oppfølging kan gi dårlegare arbeidsmiljø
- endringar kan skape uro og redusert motivasjon

Dette må takast på alvor i vidare arbeid.

Hemsedal sokneråd deler også vurderinga til Hol kyrkjelege fellersråd, om at ROS-analysen i for liten grad tek inn over seg dei praktiske konsekvensane av store avstandar og lokal kompleksitet .

6. Samla vurdering

Hemsedal sokneråd meiner at:

- endringar i prostistruktur kan vere nødvendige
- men må gjennomførast med tydeleg omsyn til lokale forhold

Særleg viktig er:

- nærleik til leing
- handterlege geografiske einingar
- ivaretaking av etablerte regionar som Hallingdal

7. Konklusjon


Hemsedal sokneråd tilrår at:

- Hallingdal vert vidareført som eige prosti
- prostistrukturen byggjer på naturlege regionar
- ein unngår store geografiske einingar med lange avstandar

Vidare ber soknerådet om at:

- geografi, reisetid og faktisk aktivitetsnivå vert vektlagt sterkare
- konsekvensar for arbeidsmiljø, rekruttering og beredskap vert grundig vurdert

for Hemsedal sokn


Irene Markegård
Kyrkjeverje